



Stord kommune, RBO  
Postboks 304  
5402 STORD

Dato: 05.01.2017  
Vår ref.: 2014/15801-34  
Saksbehandlar: gurklyv  
Dykkar ref.:

## **Arealoverføring - Søknad om frådelling av tilleggsareal på ca. 3.700 m2 frå gnr. 27, bnr. 868 til gnr. 27, bnr. 811 i Stord kommune.**

### *1. Søknad om frådelling*

Vedlagt følgjer vår søknad om frådelling av eit areal på ca. 3.700 m2. Arealet skal frådelast gnr. 27, bnr. 868 og overførast til Hordaland fylkeskommune sin eigedom gnr. 27, bnr. 811. Det skal nyttast som tilleggsareal til vårt bussanlegg på bnr. 811. Bussanlegget på bnr. 811 er under bygging, og skal stå ferdig til 15.05.2017.

Bilag 1: Søknad m/vedlegg  
Bilag 2: Oversiktskart for gnr. 27, bnr. 848

Gnr. 27, bnr. 811 har i dag ein storleik på 14,6 mål og det vil bli plass til oppstilling av 34 bussar. Dette vil dekke behovet dei næraste 5-10 åra.

Med tanke på framtida vil det vere naturleg å estimere eit auka behov på bussanlegget på Øvre Sæ, noko som vil krevje meir areal. Gjennom erverv av tilleggsarealet på ca. 3,7 mål vil fylkeskommunen få ei hensiktsmessig forlenging av eigedomen vår, som vil kunne sikre at vi på eit seinare tidspunkt vil kunne utvide parkeringsarealet når det kjem fleire bussar ved anlegget. Sjå skissene vedlagt søknaden - vedlegg D-3 og D-4.

### *2. Fullmakt*

Kjell Håvard Sævareid er heimelshavar til gnr. 27, bnr. 848. I punkt 2.2 og 2.5 i kjøpekontrakt / avtale om sal/kjøp mellom Kjell Håvard Sævareid som seljar og Hordaland fylkeskommune som kjøpar er det avtalt at det er kjøpar som skal søke om frådelling.

Bilag 3: Kopi av avtale

Det er i punkt 4.4 i avtalen teke atterhald om politisk godkjenning frå kjøpar si side. Slik godkjenning er gitt.

Bilag 4: Saksprotokoll i fylkesutvalet - vedtak av 08.12.2016

### *3. Varsling av naboar*

Det følgjer av innhenta nabovarselliste at det er 3 naboar som skal varslast. Kjell Håvard Sævareid og Hordaland fylkeskommune har kvittert for motteke varsel samt at det er gitt samtykke til tiltaket. Statens vegvesen har den 03.01.2017 kvittert for mottak av varselet, og i e-post av 04.01.2017 er det opplyst at dei ikkje har merknader til nabovarselet.

Bilag 5: Naboliste med kvittering for varsling samt e-post frå Statens vegvesen

Dersom det er spørsmål til søknaden, kan desse rettast til Guro Klyve pr. tlf. 55 23 95 13 / 98 21 22 67 eller pr. e-post [guro.klyve@hfk.no](mailto:guro.klyve@hfk.no).

Jostein Fjærestad  
eigedomdirektør

Guro Klyve  
stabsleiar

*Vedlegg*